

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
07.05.2020

Tilstades på møtet (som var på teams)

Medlemmer: Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Gerd Marie Solheim, Kine Lerøy, Torill Hordvik, Svein Tomas Villanger, Edvard Bjerkestrand, Rune Minde.

Varamedlemer: Kjell Dahle

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland
Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Arne Lerøy

Møtte ikkje:

Saker til førehaving:
F -06/20 – F 10/20

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 06/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

F – 07/20 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

(Møteboka må underskrivast når det er mogeleg å samlast fysisk igjen)

Vedtak:

Anne Dahle Austrheim og Inger Synnevåg.

F – 08/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 06.02.2020

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 06.02.2020 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 06.02.2020 vart godkjent utan merknader.

F – 09/20 ORIENTERINGAR

- Utbetring av kyrkja er ferdig. Orientering om ekstra arbeid og kostnader.

Sagt i møtet:

Soknerådet ønskjer å få framlagt ein prosjektrekneskap for alle kostnadane i dette prosjektet på neste møte i soknerådet.

F – 10/20 GODKJENNING AV REKNESKAPEN 2019.

Framlegg til vedtak:

Med etterhald om revisor si endelege godkjenning vert rekneskapen for Austrheim Sokn for 2019 godkjent. Mindreforbruk/overskot på drifta på kr 56.524,36 vert overført ubunde driftsfond. Mindreforbruk/overskot på investering på kr 528.906,81 vert overført ubunde investeringsfond.

Vedtak:

Med etterhald om revisor si endelege godkjenning vert rekneskapen for Austrheim Sokn for 2019 godkjent. Mindreforbruk/overskot på drifta på kr 56.524,36 vert overført ubunde driftsfond. Mindreforbruk/overskot på investering på kr 528.906,81 vert overført ubunde investeringsfond.

Sagt i møtet:

AU ønskjer å få til eit møte med kommuneleiinga om budsjettsituasjonen og soknet si verksemd generelt.

Bakgrunn:

Rekneskapen for 2019 er no ferdig og sendt inn til revisjon. Kommunen sitt driftstilskot for 2019 utgjorde kr 3.370.000,-. Soknet sine øvrige inntektskjelder er festeavgiftene, statleg tilskot til trusopplæring, diverse leigeinntekter og gebyr for utanbygds gravferder, samt ulike gåveinntekter, inkludert gjevartenesta. Driftsbudsjetten kom ut med eit mindreforbruk på kr 56.524,36. På investeringsbudsjetten hadde vi eit betydeleg overskot på kr 528.906,81. Vi fekk ei tildeling på 700.000 for 2019. Tilsvarande sum har soknet også fått for 2020. Ein må likevel sjå investerings budsjetten i samanheng med det store utbetringsprosjektet i kyrkja. Vi rakk berre å koma i gang førebuande tiltak i 2019, slik at tyngda av tiltak kjem på rekneksapsåret 2020. Dermed kan vi bruka av dette overskotet på rekneksapsåret for 2020. På den måten ser det ut til at vi er i stand til å fullfinansiera utbetringsprosjektet, utan å tæra på reservane våre her. Det som vert utfordrande i 2020 og i åra framover, er å få driftsbudsjetten til å balansera, sidan soknet ved eit pennestrøk fekk 500.000,- mindre å rutta med i 2020 og kvart år framover.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
07.05.2020

Tilstades på møtet (på teams)

Medlemer: : Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Gerd Marie Solheim, Kine Lerøy, Torill Hordvik, Svein Tomas Villanger, Edvard Bjerkestrand, Rune Minde.

Varamedlemer: Kjell Dahle.

Andre: Kommunal representant : Hege Ramsland
Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Arne Lerøy.

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:
Soknerådssaker: S- 08– S 12/20

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 08/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

S – 09/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 06.02.2020

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 06.02.2020 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 06.02.2020 vart godkjent utan merknader.

S -10/20 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Anne Dahle Austrheim og Inger Synnevåg.

S – 11/20 GJENNOMGANG AV SOKNERÅDET SINE NEMDER

Framlegg til vedtak

Saka vert lagt fram til drøfting i soknerådet

(Vedtak):

Sidan dette er ei sak som har vor oppe 2 gonger i soknerådet tek eg med drøftinga frå 6.februar:

(Sagt i møtet (06.02):

Soknerådet ønskjer som ein hovudregel at dei friviljuge sitt engasjement kan avgrensast til soknerådsperioden, slik at ein unngår at friviljuge vert gåande år etter år utan at ein på ein strukturert måte vert sett og får eit hove til å forlenga engasjementet sitt eller til å trekkja seg. Soknerådet ber kyrkjeveita presentera eit system på oppfølging av dei friviljuge.

Soknerådet meiner at Kyrkjebakken er ein fin stad for å presentera dei ulike friviljuge gruppene i kyrkjelyden på. Årsfesten er ein sjølvsagt stad å presentera dei friviljuge på .

I soknerådet kom det også fram at ein kunne tenkt seg følgjande nye grupper med friviljuge:

- *Søndagsskulenemd (tilbod under gudstenestene)*
- *Kyrkjekaffigruppe*
- *Teknisk gruppe)*

Bakgrunn:

Ovanfor står det som vart sagt i møtet 6.februar. Gruppeoversikta har blitt supplert sidan sist møte. Saka er foreslått vidareført til møtet 7.mai, sidan dette er ei drøfting soknerådet bør bruka litt meir tid på.

Her kjem ei oversikt på nokre av dei utvala vi har:

- Diakoniutvalet. Har møter ca 4 gonger i året. Arrangerer sommarfest på Nordliheimen og diakonifest på kyrkjelydshuset. Dei bridreg også på 2 gudsteneste for alle. Hovudoppgåva er likevel utdeling av blomar til etterlatne og roser – men no mjølkehjarte – til dei som er over 80 år. Med i dette utvalet er: Britt Rebnord, Bodil Monslaup, Anny Berthelsen, Solrunn Monslaup, Torunn Helland Karlsen, Målfrid Haugland + fleire medhjelparar som går på besøk.
- Trusopplæringsnemd: Gunn Håland Dyrkolbotn, Svanhild Neteland, Anny Berthelsen (Ingen faste møter – ad.hoc prega)
- Klokkarar; Tove Daae, Bjarne Neteland, Gunn Håland Dyrkolbotn, Evelyn Bjørnebekk og Gro Johannessen (gudsteneste for alle)
- Kyrkjevertar: Britt Rebnord, Svanhild Neteland, Lilly Sætre, Anne Dahle Austrheim, Eli Lerøy.
- Forsongargruppe: Trygve Gjerde, Hanne Daae, Astrid Skodvin, Ann Karin Sæle, Amelie Knieriem, Gunn Håland Dyrkolbotn, Svein Tomas Villanger.
- Redaksjon Kyrkjebakken: Jorunn Kårdal, Britt Rebnord, (i tillegg til Jostein Hauge og Leif Arne Økland).
- Verneplangruppe: Liv Ulvøy, Kjell Dahle (inntil nyleg), Kari Utkilen, Leif Arne Økland.

Sagt i møtet 7.mai 2020:

Jostein Hauge fekk gode tilbakemeldingar på arbeidet med forsongargruppa. Det same gjeld dei digitale produksjonane frå kyrkja. Soknerådet ønskjer at kyrkja kan levera digitale produksjonar framover også (om enn i langt mindre grad enn då alt var stengt). Det er ønskjeleg at kvar gudsteneste kan streamast framover også. Oppgåva med streaming kunne til dømes blitt lagt til ei teknisk gruppe.

S – 12/20 VEGEN VIDARE FOR SOKNET – MEIR OM MÅLSETJINGAR.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting i soknerådet utan framlegg til vedtak.

Vedtak:

Saka vert utsett til hausten.

Bakgrunn:

Sidan saka vart utsett på møtet i februar, er det ønskjeleg å ta saka opp igjen på møtet no 7.mai. Soknerådet bør vurdera om ein skal ha ei drøfting som går over lengre tid til desse formåla

Soknerådet har tidlegare hatt ein prosess der ein har drøfta visjon og målsetjingar for kyrkjelyden. Ein har hatt følgjande mål og visjon for arbeidet:

Arbeidsmålet for kyrkjelyden i Austrheim:

»*Den Norske kyrkja i Austrheim skal vera ei vedkjennande, misjonerande, diakonal og open folkekirkje.*

I forkynning, opplæring og omsorgsteneste er målet at menneska skal koma til tru på Herren Jesus Kristus og finna ein plass i eit frigjerande og forpliktande fellesskap

Visjon

Austrheimkyrkja – tru, fellesskap, deltaking.

Dette kan vera bakteppet for den vidare drøftinga i soknerådet.

Ein innfallsinkel kan vera å sjå om det er ønskjeleg å gjera endringar både i mål og visjon.

Så kan ein ta ei drøfting på korleis dette vil få konsekvensar for :

- Gudstenestelivet.
- Konfirmantarbeidet.
- Barn og unge.
- Det diakonale arbeidet.
- Kommunikasjonen ut via Kyrkjebakken, heimesida og facebook.
- Nytt forsamlingsbygg ved kyrkja.
- Endra kontorlokale.
- Gravferdsforvaltninga.

Prest og kyrjeverje har hatt ei innleiande drøfting av denne saka. Vi tenkjer at arbeidsmålet gjerne kan stå, sidan denne i stor grad liknar på bispedømet si målsetjing. Vi foreslår at begrepet «*misionerande*» vert bytt ut med «*misional*». Dette har samanheng med at ein i moderne misjonstenking er oppteken av misjon på ein meir heilskapleg måte – dvs at misjon i tillegg til rein forkynning også handlar om endring av lokalsamfunn og levekår.

På visjonsdelen har vi leika oss med ord som kan skjela litt til kommunen sin visjon. Vi ønskjer at fellesskapet i kyrkja skal virka slik at det fungera slik at det opnar opp. Vi har difor leika oss med følgjande ordpar:

Austrheimkyrkja – opne hjarte – open himmel.

Dette kan vera eit utgangspunkt for vidare samtale.